



Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

REFERAT frå styremøte 13.12.16, Statens hus, Stavanger.

Til stades: Kjell Olav Henriksen, Astrid Fjeld, Hans Widerøe, Anne Hestad Hem, Kirsten Jæger Steffensen, Anders Aabø.

Sakliste: Styresaker:

- 60/16 Økonomi ; status + konsekvensar av vedtak på Landstinget 2016.
- 61/16 Årsmøtet 2017 / Konferansen
- 62/16 UMM
- 63/17 Nye fråversreglar i vidaregåande skule – konsekvensar / løysingar
- 64/16 Møteplan 2017

Infosaker:

- 65/16 Framtidig samarbeid med Skolemøtet for Rogaland
- 66/16 Rådgivar i Rogaland
- 67/16 Talentrådet

Sak 60/16: Saldo pr 01.12.16: Kr 94.600,-. Styrehonorar for inneverande år, samt reiserekningar for hausten 2016 kjem til utbetaling før jul.

Fylkesavdelinga har vore drifta med underskot dette året; underskotet er dekkja inn med bruk av eigenkapital. For å kunna drifta avdelinga med overskot frå 2017, vedtok styret:

1. Styremedlemmene får ikkje dekkja utgifter til studieturar.
2. Styremedlemmene, med unntak av leiar, møter som rektorar i leiarmøta. Dei skal såleis ikkje ha betalt som styremedlemmer på desse møta, men betala som andre rektorar / leiarar.
3. Fylkesavdelinga følgjer nye reglar for honorarsatsar og dekking av reiseutgifter f.o.m. Årsmøtet 2017.

Ein avventar eventuelt andre tiltak til etter møtet i Landsstyret i mai 2017.

Sak 61/16: Konferansen vert to – delt:

1. Kulturskolen som lokalt ressurscenter. Innleiarar (ønska): Heidi H. Løken, Sjur Høgberg.
2. Kvalitet i kulturskolen. Innleiarar (ønska): Hans W. Bræin, Morten Christiansen, (Johan From), Ingvald Frøyland.

Sak 62/16: Fylkesstyret meiner at dei regionale UMM – arrangementa f.o.m. 2017 bør vera ei sak mellom Norsk kulturskoleråd sentralt og den regionale arrangør – kulturskolen. Fylkesavdelinga sender skriv om dette til Norsk kulturskoleråd sentralt.

Sak 63/16: Dei nye fråversreglane skal evaluerast på nasjonalt nivå i juni 2017. Karmøy kulturskole har vore i kontakt med regionale vidaregåande skular. Korrespondansen vert sendt vidare til Trondheim til orientering.

Sak 64/16: Styremøte: 18.01.17, 01.02.17, 22.02.17.
Leiarmøte: 10.03.17 (etter lunsj), 19.05.17.

Sak 65/16: Av di Lars H. Astrup ikkje hadde høve til å møta på dette styremøtet, vert dette sak på neste styremøte.

Aktuelle stikkord:

- Korleis arbeider me med kursa?
- Lokaler: Forum og / eller kulturskole?
- Tidspunkt for starten.
- Praktiske oppgåver i tilknytning til kursa – styreoppgåve?
- Maten; vegetar.

Sak 66/16: Rådgivar Anders Aabø sluttar i stillinga i løpet av våren 2017.

Sak 67/16: Fylkesleiar Kjell Olav Henriksen representerer Norsk kulturskoleråd Rogaland i det regionale talentrådet for Rogaland. Ingen møter dei to siste åra.

Talantarbeidet i fylket er nå samla i «Talent i Bjergsted». UiS er med i arbeidet. Det er viktig å presisera at dette er eit Rogalands – tilbod. Norsk kulturskoleråd sentralt tek initiativ til møter i regionane.

Finnøy 19.12.16.

Anders Aabø
(Referent)